

Vilkår for skuleplass på Hardanger folkehøgskule - elevkontrakt

Vi henvender oss med dette skrivet for å klargjera nokre punkt som du må vita før du startar på skulen. Skrivet må lesast og du viser at du har lest, forstått og aksepterer vilkåra på svarsida for opptak. På denne måten slepp du overraskingar om formelle ting i løpet av skuleåret.

1. Påmelding til skuleåret

Skuleplassen din er stadfesta når du har betalt innmeldingsavgifta og er bindande frå det tidspunktet angrefristen går ut.

2. Angrefrist og forplikting

Dersom du likevel vel å sei ifrå deg skuleplassen etter angrefristens utløp vil ikkje innmeldingsavgifta bli refundert. Andre utgifter som kan knyttast til deg, og som ikkje lar seg reversera, blir også belasta deg (t.d. flybilletter, overnattingskostnadar, etc.). Avbestilling (om du ikkje kan/vil bli med) av turar som er planlagt/bestilt vil ikkje gje refusjon av kostnadane knytt til reisa. Seier du ifrå deg skuleplassen mellom 1.august og skulestart vil du bli belasta kr. 5.000.- for å ha tatt opp ein skuleplass.

3. Semesterstart

Skuleåret startar medio august. Datoen står på heimesida.

4. Fråvær frå undervisning og pålagte oppgåver

Alt manglande oppmøte blir registrert som fråvær. Vitnemålet ditt er gyldig dersom du har mindre enn 10% ugyldig fråvær i løpet av skuleåret. Du kan missa skuleplassen din som følge av manglande oppmøte/høgt fråvær. Ikkje gyldig vitnemål vil sei at du misser 2 konkurransepoeng til høgare utdanning.

Godkjent fråvær blir gitt etter eigne reglar som blir gjennomgått ved skulestart, innanfor totalt 15 dagar.

5. Føresetnad for deltaking/opphald

Det er ein føresetnad for opphald og deltaking på skulen at elevens psykiske og fysiske helse tilseier at opphaldet og deltaking er forsvarlig, både av hensyn til eleven sjølv og andre sitt læringsmiljø.

6. Orden og oppførsel

Vi forventar at alle oppførar seg fint og godt etter standard god oppførsel. Vald, truslar, truande åtferd, seksuell trakassering/overgrep og tjuveri er forbudt og skal ikkje skje. Det same gjeld mobbing, diskriminering eller krenkande språkbruk (rasistiske eller andre hatefulle ytringar). Dette fører til disiplinærsak. Det skal til alle tider vera reint og ryddig på internata. Alle elevane er pliktig til å vera med på reinhald kvar veka i forhold til timeplanen eller internatleiar/lærar sine instruksjonar.

7. Husreglar

Det er ikkje tillatt å oppbevare eller drikke alkohol på skulen eller på skulens område. Hvis det blir oppdaga at elevar oppbevarer alkohol innanfor skulens område vil dette bli beslaglagt.

Det er ikkje tillatt å drikka alkohol på dagar som blir etterfulgt av ein skuledag, eller på laurdagar med obligatorisk opplegg på kveldstid på skulen. Dersom eleven har inntatt alkohol, må eleven ved tilbakekomst til skulen returnera til rommet sitt, og kan ikkje opphalda seg i fellesareala.

Elevane har ikkje rett til å bu på skulen i skulen sine feriar. Internata stengjer seinast kl. 11.00 den dagen skuleferien tek til og opnar kl.17.00 dagen før skulen startar opp att etter ferie. Det vil bli gjort unntak frå dette for utanlandske elevar.

Frå klokka 23.00 – 07.00 skal det vera ro på internata slik at det er høve til å sova.

8. Kommunikasjon/Informasjon

Dersom du, av ulike grunnar, ikkje kan møte til skulestart etter feriar og frihelger **skal** du ringja skulens tilsynslærer og melda ifrå om dette. Om du ikkje er tilstades på første morgonsamling etter ein ferie vil du bli oppringt/etterlyst.

9. Betalingsforpliktelsar

Alle er forplikta til å følgja oppsett betalingsplan for betaling av skulepengane (sjå tilsendt plan). Ved meir enn 14 dagars forsinka betaling av skulepengar vil det bli ilagturregebyr. Ved ein måned manglande betaling vil skuleplassen bli tatt opp til vurdering, og du kan i verste fall måtte slutta på skulen pga mislighald.

Manglande betalte avdrag ein måned etter skuleslutt vil føra til at kravet vert oversendt til rettslig innkasso.

10. Folkehøgskulen sitt ansvar

Hardanger Folkehøgskule er forplikta til å gjennomføra undervisninga og turar som oppsett og forelagt for elevane i skulekatalog og på heimeside. Hardanger fhs kan likevel foreta endringar dersom særlege forhold tilseier at ein må det, slik som bortfall av undervisningsressursar, utenrikspolitiske forhold eller pga råd/risikovurderingar gjort av skulen, kommunen/fylket eller den norske stat.

Studietilbodet er vist på skulen si nettsida. Vi tar forbehold om at det er nok elevar til å starta opp dei linjene vi tilbyr. Vi forbeheld oss også retten til å endra innhald i vist studieplan utan meir varsel.

11. Elevens ansvar

Det er obligatorisk frammøte til all undervisning. Turar i regi av skulen er også obligatoriske. Kan du ikkje vera med på ein tur må du melda ifrå til administrasjonen om det innan 1.september. Fråvær skal meldast til klassestyrar og kontorfullmektig via messenger. Alle skal setja seg inn i skulens reglement slik det til ei kvar tid er fastsatt av skulens styre, og skal følgja dette. Regelbrot vil medføra disiplinære reaksjonar som i verste fall vil medføra tap av skuleplassen.

12. Linjebytte

Dersom ein elev ynskjer å bytta linja må eleven ta dette opp med sin linjelærer. Læraren tar det opp med sin kollega og forhøyrer seg om moglegheitene. Eleven må til slutt søkja (e-post) til rektor om å få bytta linja. Det vert godkjent så lenge det er i orden for lærarane. Turar som er gjort blir belasta eleven. Turar som ikkje kan avbestillast blir også belasta eleven. Utgiftene på den nye linja kan vera høgare/lågare enn den linja det blir bytta i frå.

13. Avbrudd av folkehøgskuleåret

- a) Dersom du sluttar av eigen vilje skal dette meldast skriftleg som sluttmelding til skulen sin administrasjon. Dersom du sluttar etter skuleårets oppstart vil påløpte utgifter (sjå pkt.2) og skulepengar for 6 veker bli avrekna på sluttrekninga di.
- b) Dersom du må slutta som følge av disiplinære forhold gjeld same reglar i fht økonomi som i punkt a.

14. Forsikringar

Du må ha eigen gyldig reiseforsikring for Europa, og for resten av verda avhengig av kor reisa skal gå. Skal du driva ekstremспорт må du sørge for å ha utvida reiseforsikring for dette.

Norske statsborgarar har yrkesskadeforsikring gjennom NAV og den gjeld på folkehøgskulen.

Skulen har ulykkesforsikring for alle elevane, men du må sjølv passa på at du har forsikring for eigendelane som du tar med deg til skulen/på reiser, og evt. bør du kjøpa verdigenstandsfor- sikring og innbuforsikring.

Linjeturar og felles skuletur blir bestilt og betalt tidleg i året. Sørg for at du har avbestillingsforsikring i tilfelle du av ein eller annan grunn ikkje kan/får deltatt på ein tur.

Skulen har forsikring for ekstremспорт i Norge i skulens regi.

Utanlandske tilbydarar kan krevja ekstra forsikring for enkelte aktivitetar.

15. Pris

Vi garanterer den prisen som er oppgitt i tilsendt økonomibrev og på heimesida.

Dersom skuleåret, av årsaker utanfor skulens kontroll (t.d. pga valutakursar, flyprisar/transportkostnadar, brå prisstigning), blir dyrare enn oppsett vil dette bli gjort kjent undervegs og bli fakturert eleven.

Det vil ikkje bli refundert kost-/losjikostnadar ved permisjonar eller anna fråvær frå skulen.

16. Reglement

Reglementet for skulen ligg på skulen si heimeside www.hardanger.fhs.no Som hovudregel vil skulen gjennomgå reglementet ved skulestart, men desse vilkåra er implementert i reglementet. Skulen har eige reisereglement som gjeld på turar og som blir gjennomgått før avreise.

Utdrag:

- Det er obligatorisk oppmøte til all undervisning, aktivitetar og arrangement.
- Det er som hovudregel ikkje tillat å koma tilbake til skulen etter å ha drukke alkohol. Enkelte laurdagar vil det vera lov. Skulen gir beskjed om når.
- Oppbevaring og bruk av alkohol og andre rusmiddel på skulen er forbudt.
- Mobbing, vald, trakassering eller annan ufin oppførsel er ikkje tillate.

Brot på reglementet vil føra til reaksjon som t.d. åtvaring, bortvising eller utvising/permanent tap av skuleplassen utan rett til å få tilbakebetalt skulepengar eller betaling for billetter som er kjøpt.

17. Vitnemål

Alle som er elev på skulen siste skuledag vil få utstedt vitnemål når skuleåret er fullført.

Frammøteprosenten vil avgjera om det er gyldig og gir 2 konkurransepoeng.

18. Lånekassen

Alle som får vitnemål vil få lånet omgjort til stipend (stipenddelen) i Lånekassen, dersom dei ikkje har overskride grensa for ugyldig fråvær frå skulen.

Dersom ein elev vel å slutta/eller må slutta av andre grunnar blir Lånekassen varsla om dette.

19. Personopplysningar

Skulen får inn dine personopplysningar gjennom søknaden din. Desse vert handsama og oppbevart i Wisweb sin database som er godkjent av Datatilsynet. Du vil også bli bedt om å gi opplysningar om føresette når du kjem til skulen for at vi skal ha rett kontaktperson dersom noko skulle inntreffa.

Skulen vil ta vare på deler av dine personopplysningar for å kunne skriva ut nye vitnemål (om du skulle missa det) og for å kunne ta kontakt med deg i samband med elevstemner og skulejubleum.

20. Helseopplysningar

Skulen ber deg opplysa om helseforhold eller andre forhold som vil krevja spesiell tilrettelegging eller merksemd frå skulen si sida. Dersom eleven vel å ikkje opplysa om dette kan ikkje skulen ta omsyn til det.

Eg har lest og forstått innhaldet i brevet og vil forholde meg til dette. Kryss av for dette på svarsida du får oppgitt i opptaksbrevet når du aksepterer skuleplassen.



HARDANGER
FOLKEHØGSKULE

Hardanger Folkehøgskule
Hordatunsvegen 29
5781 Lofthus

Sentralbord: 53671400
Vakttelefon: 45612379
Konto: 3450 05 03418

e-post: kontor@hardanger.fhs.no
web: www.hardanger.fhs.no
Folkehøgskule sidan 1912

